

Stikk UT! Bedrift

2019

1. mai -
31. oktober

Skap samhald, aktivitet og gode turvaner på jobben!

Stikk UT! Bedrift har blitt ein stor suksess, og vi ønsker både tidlegare og nye arbeidsplassar velkomne til ein ny sesong. Bli med når startskotet går 1. mai!

Stikk UT! Bedrift passar for arbeidsplassar som vil forebygge sjukefråver, motivere dei tilsette til fysisk aktivitet og, ikkje minst, gi dei gode naturopplevingar. Sunnmøre friluftsråd får tilbakemeldingar om færre sjukedagar, auka trivsel og hyggeleg fellesskap med turprat i lunsjpausane frå bedrifter som er med.

På nettsida stikkut.no ligg oversikt over årets turmål, med gode turforklaringar. Det er også her turkoden som blir lagt ut på kvart turmål skal registrerast. For å vere med, må bedrifta melde seg på og utnemne ein person som administrator, som får ansvaret for å invitere med dei tilsette. Dei knyter seg til Stikk UT!

-bedrift via invitasjonslenka dei får tilsendt på e-post. Under Mi Bedrift kan deltakarane sjå kven som er med og kor mange turar dei har gått. Administrator kan legge til eller slette deltakarar og følge med på statistikken. Arbeidsplassen må gjerne lage uhogetidelege karingar samanlikna med andre bedrifter, andre avdelingar eller mellom dei tilsette.

Stikk UT! Bedrift passar både for arbeidsplasser i det private næringslivet, i det offentlege, og for lag og organisasjoner.

Det er berre å glede seg til alle dei fine turopplevingane som ventar!

Friluftsrådet tilbyr følgjande Stikk UT! Bedrift-pakkar:

Grøn pakke:

- Inkluderer tilgang til registreringsløsning og statistikk for tilsette i bedrifta.
- Toppliste over alle bedriftene som er med.

Pris: Kr 2900

Blå pakke:

- Inkluderer tilgang til registreringsløsning og statistikk for tilsette i bedrifta.
- Toppliste over alle bedriftene som er med.
- Høve til å legge til avdelingar. (maks 6)
- Logo på stikkut.no

Pris: Kr 13 000

Raud pakke:

- Inkluderer tilgang til registreringsløsning og statistikk for tilsette i bedrifta.
- Toppliste over alle bedriftene som er med.
- Høve til å legge til avdelingar. (maks 10)
- Logo på stikkut.no
- Høve til å sponse eit av årets turmål med bedriftslogoen på baksida av eit kodekort i turkassa. (I tillegg oppmodar vi arbeidsplassen til å bruke dette turmålet til noko spesielt i løpet av sesongen. T.d. arrangere fellesturar, motbakkeløp, familiedag eller liknande).

Pris: Kr 21 000

MELD PÅ DI BEDRIFT PÅ StikkUT.no

KONTAKT- PERSONAR | Marte Melbø • marte@stikkut.no • Tlf: 472 52 012
May Britt Haukås • may@friluftsradet.no • Tlf: 977 09 653

 Sunnmøre friluftsråd